



SOSIALT: – Dei som vert hekta på bridge, vil halda fram med å spela når dei ser kor sosialt spelet er, seier leiaren i Melandsknekten Bridgeklubb, Reidar Kjenes



LOKAL HJELP: – Slik kan det spelast ut! Her er det Ingrid som får råd av Kenneth Bendiksen, medlem i Melandsknekten i kring 25 år. Dei andre rundt bordet er Jarl, Heidrun og Heidi.



MEISTERRÅD: Mangeårig noregsmeister Sven-Olai Høyland tipsar nokre av deltakarane på kurset.

Vil hekta fleire på bridge

FREKHAUG: Leiaren i Melandsknekten bridgeklubb (61) er glad for at det er in å læra seg bridge.



Av Hans E. Storheim
hans-egil@strilen.no

– Vert de først hekta, vil de halda fram i mange år!

Det er den oppglodde bokskapen frå Reidar Kjenes når kring 40 elevar fyller nesten to klasserom på Nordhordland Folkehøgskule – for å læra bridge.

Som leiar i den lokale Melandsknekten bridgeklubb skulle Kjenes gjerne fått elevane som

■ FAKTA

Bridge

- Eit kortspel for fire spelarar, der to og to spelar som par.
- Det vert brukt ein vanleg kortstokk på 52 kort utan jokerar, der alle spelarar får 13 kort kvar. I si enklaste form er bridge svært likt Amerikanar og Whist.
- Spelet består av to fasar, ein auksjon (meldedelen) og sjølv spaledelen. Føremålet med auksjonen er å bestemma kort mange stikk den som får meldinga, skal ta, og eventuelt kva som skal vera trumf, eventuelt grand.

Wikipedia

medlemmer. Men det er det små sjansar for, sidan dei hører heime andre stader i landet.

– Men me er med på dette som ein felles PR-innsats over heile landet. No er det «in» å læra golf, og nettopp folkehøgskular viser seg å vera ein stad der mange stiller, seier Kjenes. Han gler seg stort over den store interessa for kurset tysdag i førre veke.

Størst på Vestlandet

– Med 40 deltakarar vert dette i særklasse det største nybyrjar-kurset på Vestlandet i år, rekna kursleiar Sven-Olai Høyland med.

Han er mange gonger norsk meister i bridge og leiar i Norsk Bridgeforbund si bridgelærar-utdanning. Lokal arrangør var Melandsknekten og Hordaland

Bridgekrets, i samarbeid med skulen.

Som nybyrjarar fekk elevane ei kort innføring med forenkla meldedel. Stikk, luraste måtte å mælda på og taktisk spel vart gjennomgått i korte trekk av noregsmeisteren.

Elevane var med på at å spela motstandarane tom for ein farge kan vera taktisk lurt for å sikra seg ekstra stikk.

Får læra meir

Men det meste av tida fekk elevane brukar på å prøva seg, med på førehand oppsette spel.

Medlemmer frå den lokale klubben vandra rundt og gav råd, saman med kursleiaren.

– Eg oppfattar kurset som vellukka. Om lag halvparten av

elevane retta opp handa og vil stilla på eit helgekurs over to dagar for å læra meir. Det er alt bestemt at me arrangerer eit slike kurs, seier Reidar Kjenes.

Klubben har elles lokale kurs i lag med Strileknekten bridgeklubb så godt som kvart år.

– I Melandsknekten ligg me stabilt på kring 30 medlemmer. Men tendensen er at snittalderen aukar, så me treng å auka rekrutteringa. Tilslutninga til bridge på internett er for tida ukand, seier Kjenes.

Dei som vert hekta og melder seg inn i ein lokal klubb, vert også så godt som alltid verande.

– Då ser dei nemleg kor sosialt det er å spela bridge! seier Reidar Kjenes.